

# Kontrollutvalets rapport for 2024

I samsvar med NIF si lov § 2-12 avgjev kontrollutvalet i Bratte Rogalands Venner (BRV) med dette sin rapport.

## Kontrollutvalets oppgåver

Kontrollutvalet skal sjå etter at klubben vert driven i samsvar med organisasjonsleddet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak, og ha særleg fokus på at organisasjonsleddet har forsvarleg forvaltning og økonomistyring, og at midlar vert nytta i samsvar med lover, vedtak, tildelingar og økonomiske rammer.

Kontrollutvalet skal framleggjast alle forslag til vedtak som skal behandlast på årsmøte/ting, og avgje uttale til dei saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.

Kontrollutvalet skal avgje rapport til årsmøtet.

## Kontrollutvalet har utført fylgjande handlingar

Kontrollutvalet har sidan førre årsmøte hatt møte saman med styreleiar og dagleg leiar, i tillegg til epostkommunikasjon med informasjon i saker relevant for kontrollutvalet.

Utvalet har hatt tilgang til og gjennomgått protokoll for årsmøtet 2024, styrets møteprotokollar, samt andre dokument utvalet har funnet det nødvendig å gå gjennom. Me har fått alle opplysningar som utvalet har sett nødvendige frå idrettslagets styre og frå dagleg leiar. Me har vidare gått gjennom styret sin årsberetning for 2024, den styregodkjente årsrekneskapen for 2024 og hatt oppsummerande møte med styrets leiar og dagleg leiar 05.03.25

2024 har vore eit år der BRV har hatt stort aktivitetsnivå, med samlingar, kurs, treningsgrupper og fleire sosiale tiltak. Programmet er godt forankra gjennom tilbakemeldingar frå medlemar, årsmøtevedtak, samt styre og dagleg leiar. Kontrollutvalet opplever godt samsvar mellom årsberetninga for 2024 og handlingsplanen vedteke på årsmøtet i mars 2024.

Kontrollutvalet ser at arbeidet til styret har god oversikt og struktur og at ansvar og arbeid er fordelt på ein fin måte til ulike komitear i regi av styret. Dagleg leiar fylgjer opp arbeidet på ein framifrå måte, og er ein stor grunn til opplevd kvalitet tilbake til medlemane.

På årsmøtet i 2024 vart det vedteke eit mandat til styret for kjøp av klubbhytta. Perioden for vedtaket var for 2024 og dei tre fylgjande åra. Rammer for kapital var klubben sin saldo ved inngang av året minus sjølvpålagt krav til minimum eigenkapital (økonomisk buffer, 400.000 kr) og sum i ekspedisjonsfondet. Dersom styret vurderer at den økonomiske bufferen på 400tusen bør justerast bør også årsmøtevedtaket justerast tilsvarande.

Kontrollutvalet har gått gjennom Norges Idrettsforbund si sjekkliste for klubbar utan engasjert revisor. Utvalet har hatt direkte tilgang til rekneskapssystemet (Tripletex) der klubbens rekneskap vert ført av firmaet Total Økonomistyring Sandnes AS. Kontrollutvalet har der gjort punkt- og kryssjekkar av posteringar og rekneskap.

Balansen viser idrettslagets eigendelar og midlar og er kontrollert mot underliggjande dokumentasjon. Me finn at alle balanseverdiar er reelle pr 31.12.24.

## Rekneskap 2024

Rekneskapen viser eit **overskot på kr 317.915** (mot +280.164 i 2023) inkludert finansinntekter.

Ved årsavslutting 2024 er den frie eigenkapitalen auka med kr 317.915 samanlikna med 2023 og er no på totalt **kr 1.647.634**, der kr 251.779 (vekst på 18.7%) er plasseringar i Skagenfondet.

Eigenkapitalen er godt innanfor krav til eigenkapital for klubben som styret vedtok i 2021 på eit minimum av kr 400.000. Føremålet med å definera ein minimum av eigenkapital er å sikra at klubben har ein buffer dersom ein skulle få større grad av uforutsette utgifter eller tap av inntekter enn budsjettert.

**Kontrollutvalet har fylgjande merknadar til den framlagte rekneskapen:**

Rekneskapen er ført med god ryddigheit og programvara «Tripletex» gjev enkel og hurtig oversikt, samt gode moglegheiter for djupdykk.

Løn til dagleg leiar (60% stilling) var for 2024 kr 335.220. Styret mottek ikkje godtgjersla.

Rekneskapen er ført av Kenneth Nilsen i Total Økonomistyring Sandnes AS med et honorar pr kr 24.739 for 2024.

Kontrollutvalet opplever at dagleg leiar og styret gjennom året har tett oppfølging av rekneskapen og har dedikert kasserarverv med hovudansvar for dette.

For året 2025 legg styret fram eit budsjett med eit lite overskot; kr 27.268.

**Konklusjon**

Kontrollutvalet tilrår at styrets beretning og idrettslagets årsrekneskap for 2024 vert godkjent av årsmøtet.


Stavanger, 8. mars 2025



Lars Gjerdåker, leiar



Jon Egil Auestad, medlem



Iven Erga, varamedlem